



Luster Kommune



Reguleringsplan for Øyagata Planomtale

Plan-ID: 2020007
Datert: 29.06.2023

Eigengodkjent: Click or tap to enter a date.

Endra: 29.06.2023


Bakgrunn

Luster kommune har identifisert nokre behov i området rundt Øyagata og Gardavegen, som skal løysast gjennom reguleringa. Det er eit behov for å utbetre trafikktryggleiken for syklende og gåande langs Øyagata ved etablering av fortau, og ei utbetring av trafikkavviklinga ved barnehagen, primært i forbindelse med henting og avlevering av barn. I tillegg er areal for utviding av barnehage tatt med i planarbeidet.

Lokalisering av planområdet

Planområdet er lokalisert i den nordlege delen av kommunesentrumet Gaupne, og strekker seg frå sentrum mot sør, til den gamle brua over Jostedøla i nordvest og barnehagen i nordaust. Planen strekker seg og dekker over nesten heile Øyagata. Gaupne skule, Luster ungdomsskule og senterfunksjonane i Gaupne ligg under 500m frå planområdet.

Planområdet er på om lag 80 daa, og inkluderer barnehagen og del av Gardavegen i nord. Planen er avgrensa av Jostedøla mot vest.



Figur 1 Lokalisering av planområdet



Figur 2 Foreløpig plangrense

Planstatus og planprosessen


Føremålet med planen

Føremålet med planen er i utgangspunktet å betre trafikktryggleik gjennom ei oppgradering av Øyagata med etablering av fortau. Samstundes gjev reguleringsarbeidet ei moglegheit til oppdatere eldre planer til eksisterande lovverk og revidere gjeldande reguleringsplanar i området for å tilpasse plankart og føresegnar til å reflektere dagens situasjon.

Oppstart

Det ble meldt oppstart 11.06.2020, og løysingane har vore jobba med sidan. Norconsult vart leigd inn til å lage løysingane for veg og fortau. Luster kommune har sjølv implementert desse i planforslaget.

I møte i kommunestyret 18.06.2000 vart barnehagesituasjonen i Gaupne drøfta, og det vorte vurdert naudsynt å utvide planområdet ved barnehagen (Figur 3). Utvidinga ble varsla 17.07.2020. I endeleg planforslag er området blitt redusert noko. Området rundt barnehagen har vorte vurdert laupande i planprosessen. Ein ser framlagt løysing som mest framtidsretta.



Figur 3 Første varsle planområde er vist med raud stipla linje, mens utvidinga er vist med blå stipla linje. Svart linje er dagens avgrensing.

Luster kommune vurderer at planen ikkje har vesentlege verknader for miljø og samfunn, og at planarbeidet difor ikkje utløyer krav om planprogram. I tillegg er planen i samsvar med gjeldande reguleringsplanar og avviker ikkje frå kommuneplanens arealdel, er det vurdert at det ikkje er behov for konsekvensutgreiing jf. § 4-2 i plan- og bygningslova (PBL) og forskrift om konsekvensutgreiing.

Kommunen har utarbeida eigen ROS-analyse for planområdet jf. § 4-3 i PBL.

Aktuelle reguleringsføremål jf. PBL §§ 12-5 og 12-6 er:

- Bygg og anlegg – bustader og barnehage
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur – fortau, køyreveg og parkering
- Grøntstruktur
- Omsynssone – faresone

For å gjere tiltaket langs med Øyagata synleg, sendte Luster kommune d. 16. juli ut varsel til dei partane som det gjeld, om oppmåling og merking av kommande fortau. Den 28. juli vorte Luster kommune ute og merka kor fortauet kjem og kva eigedommar som vert råka av utbygginga.

Eksisterande forhold

Gjeldande planer

Heile planområdet er tidlegare regulert, og i stor grad bygd ut. Lista nedanfor viser gjeldande planer som blir påverka av planarbeidet:


Reguleringsplan	Plan-id	Hovudføremål	Vedteken
Bruflat I	1426-1995001	Bustadområde	21.06.1995
Bruflat II	1426-1998001	Bustadområde	04.05.1998
Bukti	1426-2008004	Bustadområde	25.09.2008
Gaupne sentrum	1426-1998002	Sentrumsføremål og bustadbygging	24.06.1998
Gardavegen – Kronstadvegen	1426-1992001	Trafikkføremål	17.02.1993
Bruflat – Grandmo	1426-2020006	Bustadområde	16.05.2021

Eksisterande reguleringsplan for Bruflat 1 og 2 vert revidert som ein del av prosessen, jf. plan – og bygningslova § 12-14. Ved vedtak av ny plan, vil ny plan gjelde framfor eksisterande plan der dei overlappar kvarandre.



Figur 4 Utsnitt frå arealdelen til kommuneplanen

Som det framgår av kartet (**Error! Reference source not found.**), er ein stor del av Bruflat-området (primært Bruflat II planen) utelukkande regulert til bustadføremål. Dette reflekterer ikkje verkelegheita, då spesielt veg og fortau ikkje har korrekte føremål. Luster kommune ser denne planen som ein moglegheit til å få oppdatert arealføremål og føresegner til betre å avspegle dagens situasjon. Reguleringsarbeidet kjem ikkje til å endre føremål for størstedelen av planområdet, men vil bli omfatta av oppdaterte føresegner, og vil styrke dagens situasjon kor det er behov.



Figur 5 Reguleringsplanar i området. Denne planen er vist med raud stipla linje.

Parallelt planarbeid

Nordvest for planområdet, er ny reguleringsplan for fleire bustader under utarbeiding: Storeåkeren. Den planen vil føre til ei auke i trafikken i området, også for mjuke trafikantar, og vil gjere tryggare veg enda viktigare. Desse to planane grensar mot kvarandre, og er sett i samanheng med omsyn til trafikkavvikling, leikeareal mm.

Det er mykje aktivitet i Gaupne med tanke på planarbeid. I tillegg til denne planen er det ny plan på veg for både Gaupne sentrum og heile Gaupnegrandane. Denne planen og planane for Gaupnegrandane og Gaupne sentrum, påverka ikkje direkte kvarandre, men samspelet mellom de tre planane kan fortsett ha betydning for det vidare planarbeidet. Flaumproblematikken, for eksempel, råka alle tre planområde i ei viss grad og koordinering mellom planane kan bli naudsynt.

Beskriving av planområdet og -forslaget

Øyagata er inkludert i revisjon av gjeldande reguleringsplan for Bruflat, vedteken 21.06.1995. Dette planområdet er i all hovudsak utbygd, men Luster kommune ser to behov som ein ønskjer løyst.

Fyrst og fremst ser ein behov for at det vert etablert fortau langsmed Øyagata. Det er ikkje plass til fortau slik situasjonen er i dag, så for at mogleggjere plana, må det brukast areal som i dag er regulert til bustad.

For det andre ser ein eit behov for å revidere gjeldande planer som er utbygd. Dette for å gjere tilpassingar til faktisk situasjon (både på kart og føresegner), samt at det er eit par grep ein ønskjer å gjere for å legge til rette for gangareal langs med elva. Luster kommune ser seg tent med å gjere revisjonen av bustadfeltet sjølv, så dette er i stor grad tilpassing til eksisterande situasjon.

Under er foreløpig plankart presentert. Merk at plangrensa nord for Øyagata ikkje er heilt på plass enda, men det er ein del siktlinjer som må regulerast inn i planen, og det kan bli naudsynt med den ekstra plassen. Som det framgår av kartet, er det lite/ingen endring av føremål i forhold til gjeldande reguleringsplanar og arealdelen til kommuneplanen.

Det er blitt plass til 1 ekstra tomt i den nordlege delen av planen. Graset på arealet blir i dag klipt av kommunen, men bruken er liten, og kommunen vurderer arealet til å ha liten reel verdi som friområde. Denne tomten vil ha en fin plassering tett på elva, og kort avstand til sentrum, skule og barnehage.



Figur 6 Øyagata set i nordvestleg retning. Fortau vil komme på høgre side av vegen.


Barnehagen

Det har vært diskutert forskjellige løysingar for å sikre moglegheit for utviding av barnehagen, men ein har konkludert med at den beste løysing er å inkludere eigedom 82/14 i barnehagearealet. Gbnr 82/14 er difor regulert til barnehage i denne planen.



Figur 7 Levering-/hentesona framfor barnehagen.

Plassen som er satt av til henting og avlevering er trang og uoversiktleg, og det er naudsynt å leggja til rette for ei betre løysing enn det er i dag. Det er lite plass i området, og det er lite tilgjengeleg areal å ta av, så løysingen blir uansett ikkje 100% optimal. Forslaget presentert her, snevvar vegen inn til eit spor ved barnehagen, og utvidar «drop-sonen» framfor barnehagen. I tillegg skal nåverande fartsdump som er plassert sirka midt framfor inngangen erstattast av 2 nye, plassert i kvar ende før innkøyrsel til barnehagen. Dette vil gjere det litt tryggare ved at bilene senker farten før de kjem inn i avleveringssona. Løysinga er delvis etablert.



Figur 8 Foreløpig forslag til levering-/hentesona for barnehagen.

Konsekvensar av reguleringsplanframlegget

Trafikk

Ei sentral utfordring er knytt til store dele av Gaupne: trafikktryggleik. I kommunedelplanen *Kommunal plan for trafikktrygging 2022 – 2030*, er fleire problemområde i Gaupne beskriva og tiltak som må gjerast er identifisert. I handlingsprogrammet er det laget ei prioriteringsliste for utarbeiding av reguleringsplanar med trafikktryggleik som omdreiingspunkt. Denne lista prioriterer fortau langs Øyagata og Gardavegen som nummer 2. Dette viser kor viktig dette emne er i området, og er ein av hovudårsakene til at denne planen skal utarbeidast.

Både Øyagata og Gardavegen er mykje nytta av barnehagen og det er ikkje fortau langs størstedelen av korkje Øyagata eller Gardavegen. Det er ingen fartsdemping på vegen, og det er sving med dårleg sikt. Det vil mest sannsynleg bli fleire mjuke trafikantar når Storeåkeren-planen blir realisert, og difor er det viktig å etablere trafikkareal som skapar trygge trafikktilhøve for spesielt barn og unge.



Barn og unge

Planen vil auke tryggleiken for barn og unge i området gjennom større trafiksikkerheit. Det vil bli opparbeida leikeplass på Storeåkeren, og denne vil være i gangavstand frå planområdet. I tillegg til dette, er det forskjellige ballbaner, leikeplass og idrettsanlegg i tilknytning til skulen rett sør for planområdet.

Universell utforming

I kommuneplanens arealdel er det lagt vekt på at uteområde og bygg skal utformast slik at dei i størst mogleg grad kan brukast av alle innbyggjarar på ein likestilt måte. Alle tomter innafor planområdet er utforma slik at det er mogleg å etablere bueiningar med livslaupstandard. Planen legg til retta for betre universell utforming gjennom etablering av fortau langs Øyagata og Gardavegen.

Kulturminne

Det er ingen registrerte kulturminne innafor planområdet. Det finnes 2 SEFRAK-bygg, men begge disse er bygd etter 1850, og er difor unntatt meldeplikt.



Figur 9 SEFRAK bygg innafor planområdet (gule og raud trekant).

Klima & ureining


Generelt har planen ikkje stor innverknad på klima eller miljø. Det er forventa at ein utbygging skjer med tanke på nærmiljøet og at ureining blir unngått så vidt mogleg. Samstundes vil etablering av fortau stimulere til auka bruk av sykkel og til å gå når ein skal inn mot handelssenteret, som igjen reduserer bilbruk.

Framtidige klimaendringar med meir ekstreme værhendingar med høgare gjentaksintervall, kan føre til auke i både størrelse og hyppigheit på flaum og situasjonar med overvann. Det ble utarbeida flaumrapport for Gaupne i 2015, og denne, i tillegg til Luster kommune sin egen analyse, legg til grunn for avsnitta under.

Overvatn


Klimaforandringar kjem til å påverka Vestlandet i høg grad, primært i form av meir nedbør med auka risiko for ekstremhendingar (Klimaservicesenter). Trøbbel med overvatn vil mest sannsynleg auke i framtida, og difor er det naudsynt å tenke inn løysingar i planer som er dimensjonert til å handsame framtidas utfordringar. Det vert sett krav til infiltrering av overvatn på kvar enkelt eigedom for å unngå at sende vatnet til andre bustader, i tillegg til krava om heving av terreng før nybygging innafør planområdet.

Ved etablering av fortau er det planlagt at vegbane skal helle mot fortau, og då med drenering under fortauet. Det tek overvatn frå vegbane vekk frå eigedommane rundt. Prinsipp er vist i sitt under.



Figur 10 Prinsipp-teikning fortau og veg

Flaum




Figur 11 Flaumsone for Jostedøla ved 20-års flaum med kotehøgder i moh.

Ei betydeleg del av planområdet er i faresona for flaum, noko som gjeldar for store deler av Gaupne. COWI føretok i 2019 ei gjennomgripande flaumanalyse av både Jostedøla og Engjadalselva, og kunne konkludere, at utan ytterlegare sikring av Jostedøla, vil store deler av sentrum stå under vann ved ein 200-års hending.

I tilfelle av en 20-års hending, er planområdet ikkje direkte påverka av flaum i nemneverdig grad (Figur 11). Størstedelen av problemet skuldast at flaumsikringa stoppar rundt gamle brua, og er difor eigentleg utanfor planområdet, men i tilfelle av ein stor hending (200-års eller større) vil planområdet blive råka.


Luster kommune har vorte på synfaring i området saman med NVE, og diskuterte problemstillinga i forhold til flaum i forbindelse med denne planen og Storeåkeren. LK får ikkje svar eller rapport etter slik synfaring, men ein forsiktig konklusjon under turen rundt i Gaupne, var at flaumsikringa skal forlengast. Dette forventast å løyse brorparten av flaumproblemtikken i området, men det er viktig å poengtere at NVE sin konklusjon er avgjerande for korleis situasjonen skal handterast i framtida.




Figur 12 Flaumsone for Jostedøla ved 200-års flaum og ved 200-års flaum med 20 % klimapåslag (i raudt) og med kotehøgder i moh.

Sikringstiltak

COWI presenterer i deira rapport to alternativ for sikring mot flaum. Ei stor del av den austlege elvebredda av Jostedøla er sikra med plastring. Den er anlagt for å minke elvens erosjonskraft, men har lite effekt ved ei større flaum. I NVE sin analyse framgår det, at når ein kanaliserer elven som føreslått (Figur 13, bildet til venstre) vil vasstanden auke enda meir ved flaum. Alternativ flaumvoll (Figur 13, bildet til høgre) skal unngå dette problemet, ved å berre anleggja voll der kor elva renner over. Ved ei slik løysing lukkast elva ikkje heilt til, men i kva grad elva reagerer ved ei 200-års eller større hending, uttaler NVE seg ikkje om i rapporten.



Figur 13 Føreslått flaumsikring på begge sider av Jostedøla med eit mindre inngripande alternativ til høgre.



Figur 14 Flaumsona for Jostedøla ved 200-års flaum med flaumsikring på begge bredder, klimapåslag på 20 % og med kotehøgder i moh.

Ei tredje løysing føreslått av NVE, er å etablere flaumlaup på baksida av flaumvollen. Dette er likevel vurdert til å være urealistisk, da denne er for plasskrevjande og kan komme i konflikt med eksisterande bustader.

Naturmangfald

Jf. § 8 i Naturmangfaldsloven er kommunen pålagt å «innhente og leggja til grunn kunnskap om natur kor det treffast avgjerd som påverka naturmangfaldet». Miljøverndepartementet har utarbeida ein sjekklister som skal brukast til å dokumentere kor ein har innhenta kunnskapen som ligg til grunn for vurderinga som er gjort i planarbeidet. Når kunnskapsgrunnlaget er på plass, kan det vurderast korleis planen kan påverka naturmangfaldet, økosystem og/eller landskap innafor planområdet og tilstøytane område. Tema som er relevante for denne planen er vurdert i tabellen under. Data er henta frå Miljødirektoratets kartkatalog, elles er det opplyst kor det kjem frå.

Sentrale tema	Kommentar (kjelde)
Kva landskap, økosystem, naturtypar eller arter blir påverka av planen?	NiN landskapstypar definerer området som fjordlandskap med høg arealbruksintensitet og låg jordbruksintensitet. (Artsdatabanken og Miljødirektoratet) Miljødirektoratets kartlegging av funksjonsområde for utvalde arter viser ingen viktige områder som blir påverka av planen. (Miljødirektoratet) Det er ikkje registrert nokon arter innafor planområdet. (Artsdatabanken)
Kva effektar vil planen ha på landskap, økosystem, naturtypar og arter?	Det er ikkje gjort nokon registreringar av betydning innafor området, og planen vil difor ikkje ha nokon effekt på verken landskap, økosystem, naturtypar eller for nokon arter.
Vil planen påverka trua og nær trua arter på Norsk raudliste for arter 2010?	Det er 6 544 raudliste registreringar i Luster kommune, men ingen av de er innafor planområdet. (Data opp til 2022 er brukt. Artsdatabanken)
Vil planen påverka trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2011?	Planen vil ikkje påverka nokon trua eller nær trua naturtypar. (Artsdatabanken)
Vil planen påverka utvalde naturtypar eller prioriterte arter?	Planområdet dekker ikkje over nokon utvalde naturtypar og planen kommer ikkje til å påverka nokon prioriterte arter. (Artsdatabanken og Miljødirektoratet)
Vil planen påverka verneområde, nærområde til verneområde, marint beskytta område eller verna vassdrag (jf. verneplan for vassdrag)?	Det er ikkje nokon verna område innafor eller i nærleiken til planområdet. (Miljødirektoratet og NVE)
Vil planen påverka utvalde kulturlandskap, miljøregistreringar i skog, inngrepsfrie naturområde (INON) eller naturtypar som er spesielt verdifulle for naturmangfald?	Det er ingen av disse tema som er blir påverka av planen. Ingen kulturlandskap, skog eller spesielle naturtypar innafor planområdet. (Miljødirektoratet)

Innkomne merknader

Innsendar	Merknad	Kommentar
<p>NVE 22.06.2020</p> <p><i>Doknr</i></p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Førset at krav til <u>tryggleik mot flaum, erosjon, skred og overvatn</u> i Plan- og bygningslova og Byggteknisk forskrift (TEK17) vert lagt til grunn for utarbeiding av planforslag. Omsyn til klimaendringar skal også vurderast. 2. Omsyn til flaum må sjåast i samanheng med lokal handtering av overvatn. Viser til informasjon om overvatn på www.nve.no/hydrologi/urbanhydrologi 3. Ta omsyn til interesser knytt til <u>vassdrag og grunnvatn</u>. Ber om at det kjem klart fram i oversendelsesbrevet om det er trong for NVE si vurdering av konsesjonsplikt av vassdragstiltak i planen. 4. <u>Energianlegg</u> - Planen må ta omsyn ti anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi – og vassdragslovgevinga. 5. Rår til å nytte rettleiarar og verktøy i planarbeidet 	<p>Fare for skred, flaum, erosjon og overvatn vert teken med som tema i ROS-analysen.</p> <p>Tiltak som kjem fram gjennom ROS-analysen vert teken med i plankart, og føresegner.</p> <p>Kommunen nyttar klimaprofilen som eit kunnskapsgrunnlag for forventa klimaendringar.</p>
<p>Statsforvalteren (Fylkesmannen i Vestland) 03.07.2020</p> <p><i>Doknr</i></p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tilrår vekt på <u>universell utforming</u> gjennom arealdisponering og krav i føresegnene. 2. Legg til grunn at det blir sett av stort nok <u>uteopphaldsareal til barnehagen</u>, med tilstrekkelege kvalitetar. 3. <u>Samfunnstryggleik og beredskap</u> Det skal utarbeidast ROS-analyse, aktuelle risiko- og sårbarheitstilhøve skal merkast med omsynssone på plankartet og krav til risiko- og/eller sårbarheitsreducerande tiltak skal gå fram av reguleringsføresegnene. 4. <u>Vassdragsbelte og naturmangfald</u> Legg til grunn at kantsona langs Jostedøla framleis vert regulert til grønføremål, for å sikre kantvegetasjon langs vassdraget. <p>Planen må vurderast opp mot naturmangfaldlova og dei miljørettselge prinsippa i §§ 7-12</p>	<p>Dei aktuelle fagtema nemnd i fråsegna vert vurderte i planarbeidet.</p>

Innsendar	Merknad	Kommentar
<p>Statens vegvesen 03.07.2020</p> <p><i>Doknr</i></p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Anbefaler separate anlegg for gåande og syklande, viser til V122 sykkelhåndboka. 2. Tilrår sanering av kryss/avkøyrslar. 3. Tilrår regulerte og utbetra siktsoner i kryss/avkøyrslar, også til fortau. 4. Må vurdere trafikktryggleiken for syklistar langs vegen. 5. Ros analysen skal vurdere kryssingsstadane i planområdet. 6. Ei vurdering av kva side av vegen som har størst potensial for gåande og syklande. <p>Legg til grunn at verknadane planarbeidet vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia, dette gjeld spesielt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Trafikksikkerheit for ulike trafikantgrupper - Tilkomstløysningar - Ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden. 	
<p>Vestland Fylkeskommune 17.07.2020</p> <p><i>Doknr</i></p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. <u>Medverknad barn og unge</u> <p>Det bør leggjast spesielt til rette for medverknad for barn og unge.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Eksisterande bruk av området. - Eksisterande og framtidige ferdselsårer for mjuke trafikantar. - Sikring av visuell og fysisk samanheng mellom areal for barn og unge. - Sikre et variert tilbod av areal for barn og unge. - Oppmodar om å sjå desse tema i samanhengen med dei andre planområda i Gaupne som er under handsaming . 2. <u>Medverknad eksisterande bebuarar og brukarar av barnehagen</u> <p>Viktig å involvere for betre kunnskapsgrunnlag om dagens situasjon og framtidige behov.</p> 	<p>Tatt til orientering. Dei aktuelle fagtema nemnd i fråsegna vert vurderte i planarbeidet.</p>

Innsendar	Merknad	Kommentar
	<p>3. Barn og unges interesser</p> <p>Legge tiltrette for gode og trygge omgjevnader for barns oppvekst</p> <ul style="list-style-type: none"> - Trafikktryggleik - Eignaheit for nye arealet til barnehagen; lys- og soltilhøve, forureining, støy og terreng. <p>4. Folkehelse og universell utforming</p> <ul style="list-style-type: none"> - Føreset at kommunen planlegg for å motverke og førebyggje levekårutfordringar og medverkar til utjamning av sosiale forskjellar. - Legg universell utforming til grunn i planlegginga - Sikre omsyn til folkehelse gjennom planarbeidet <p>5. Klima og energi.</p> <p>Påpeikar nybygg som viktig bidrag til klimagassutslepp</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bør definerast føresegn knytt til materialbruk og energiløysningar i nye bygg - Vurdere energibruk og effektivisering i både bygge- og driftsfasen i LCA perspektiv. - Vurdere miljøvennleg energitilførsel - Legge til rette for lading av elbilar <p>6. Naturfare og overvatn</p> <p>Planområdet ligg i flaumfareområde</p> <ul style="list-style-type: none"> - Overvatn skal handterast lokalt med blå-grøne struktur - Viser til vegledar for lokal handtering av overvann i kommunar. <p>7. Kulturminne: Ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Minner om at tiltakshavar har plikt til å melde frå til Vestland fylkeskommune dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne. <p>8. Samferdsel</p> <p>Viser til Stratens vegvesen sine vegnormaler</p> <p>9. Vassforvaltning og naturmangfald</p> <ul style="list-style-type: none"> - Viser til regional plan for vassforvaltning <p>Det grønne arealet mot Jostedøla bør takast i vare og eventuelt opparbeidast som eit naturleg sideareal til evla, med mest mogleg kantvegetasjon.</p>	

Innsendar	Merknad	Kommentar
Sogn brann og redning 23.07.2020 <i>Doknr</i>	<ol style="list-style-type: none"> Ventar at planen ikkje vil utfordre framkomst eller vassforsyning til området for Sogn brann og redning IKS. Ber om å bli kontakta dersom det blir slike endringar. Viser til rettleiar om tilrettelegging for rednings- og sløkkemannskap i distriktet til Sogn brann og redning IKS. 	
Jostein Mikkelsen Gbnr. 82/34 18.06.2020 <i>Doknr</i>	<ol style="list-style-type: none"> Gbnr. 82/34 ligg allereie nært Øyagata og det er uro for at ein gang/sykkelveg vil verke sjenerande helt oppi vindauga. Påpeikar ønskje om at det tas omsyn til dei gamle stabbeiseinane langs Øyagata. 	
Else Marie Øvrebø Gbnr. 82/37 22.06.2020 <i>Doknr</i>	Utrykker uro for drifta av garden og bruken av fjøset på gbnr. 82/37, dersom fortau vert lagt på hennar eigedom under fjøsen. Dette kan medføre vanskar med å koma til med traktor under fjøsen.	
Dina Steinbluma Gbnr. 85/7 07.07.2020 <i>Doknr</i>	Interessert i å overta «ledig» areal på gbnr 85/19 mellom hennar tomt gbnr. 85/7 og vegareal.	Arealet det vises til er avsett for leplanting, dette er for å redusere verknaden av dominerande vind / trekk i området
Gisle Haugen Gbnr. 85/1 09.07.2020 <i>Doknr</i>	<ol style="list-style-type: none"> Ber om at det regulerast inn avkøyrsløse frå Øyagata med siktlinjer til området avsett til framtidig bustadområde. Dersom det blir aktuelt med fortau in på gbnr. 85/1 bes det om at det vert sett opp gjerde mellom fortau og dyrka mark. 	
Advokat Andreas Rønnekleiv på vegne av Marit Kruhaug Gbnr. 82/14 09.07.2020 og 13.08.2020 <i>Doknr</i>	<ol style="list-style-type: none"> Grunneigar sett seg mot planen om å nytte hennar tomt til å utvida barnehagen. Ber om at kommunen vurderer andre løysningar enn hennar tomt for utviding av barnehagen. Det er lite ønskeleg å få bandlagt tomte på denne måten som i realiteten medfører ekspropriasjon. 	

<p>Øyane vel 14.07.2020</p> <p><i>Doknr</i></p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ønskjer at kvotehøgde på grunn og bygg blir den same som eksisterande bygg, for ikkje å forringe det eksisterande området. 2. Ber om at det tas særskilt omsyn til tryggleik for barn i området, spesielt der gangveg kryssar veg, og at det er oversiktelege for både gåande og køyrande. 3. Trekant i fremre del av eksisterande plan nyttast til friområde i dag. Det er ynskje om at denne trekanten fortsett blir ei grøn lunge i feltet. 4. Ynskje om at det blir regulert inn friområde med parkering og oppstillingsplass i nordre del av området. Dette er et oversikteleg og sentralt område som eignar seg til friområde og parkering for både ny og eksisterande busetnad i området. 	
<p>Mads Olav Anker Skeie 30.07.2020</p> <p><i>Doknr</i></p>	<p>Eigar av Gardavegen 25 er avvisande til at kommunen overtar eigedommen deira. Viser til brev datert 30.07.2020 for utfyllande informasjon.</p>	
<p>Johannes Røneid Gbnr. 85/26 31.07.2020</p> <p><i>Doknr</i></p>	<p>Ønskjer at det 3 meter brede friområde/soner for leplanting i gjeldande reguleringsplan vest for gbnr. 85/25, 85/26 og 85/27 blir ivareteke som friområde.</p> <p>Føreslår at arealet i friområdet handsamast på ein av følgjande måtar:</p> <ul style="list-style-type: none"> – Arealet tilbakeførast, og kommunen tek tilbake ansvaret for vedlikehald. – Eigarane av tomtene gnr. 85 bnr. 25,26 og 27 held fram å disponera arealet slik som i dag. - Eigarane av tomtene gnr. 85 bnr. 25,26 og 27 kjøper arealet av kommunen 	
<p>Hans Petter og Lene Sandvik Gbnr. 82/128 24.08.2020</p> <p><i>Doknr</i></p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ønskjer å behandle gangveg mellom barnehagen og gbnr. 82/128. 2. Ønskjer tettare og høgare (130cm) gjerde mot barnehagen som skjermar for støy, innsyn og gjenstandar. 3. Dersom grensa mot barnehagen kjem nærmar vil det få store konsekvensar for uteplassen deira og verdireduksjon for eigedomen. 4. Meiner fleire andre område i Gaupne bør vera aktuelle i staden for å ta areal av eit tett og nyetablert byggefelt. 5. Sluttar seg til brev frå velforeininga Bukti, datert 26.08.2020 	

<p>Oddrun Kristine Høgi Gbnr. 82/127 24.08.2020</p> <p><i>Doknr</i></p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ønsker å bevare Grøntområde/leikeplassen i Bukti - området er lite men av stor verdi for barn og vaksne i området. 2. Uroa for auke i trafikken t/r barnehagen, som allereie er eit problem for Bukti og heile Øyagata. 3. Stillar seg negativ til at barnehagen kan få opp til 9 grensnaboar. 	
<p>Bukti Velforeining 26.08.2020</p> <p><i>Doknr</i></p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Stillar seg negativ til å nytte et mye brukt friområde til utviding av barnehagen. 2. Viser til hensiktene med friområdet i gjeldande reguleringsplan, området skal dekke behovet til de yngste barna, fungere som nærleikeplas, samstundes fungera som skjerming mellom barnehagane og bustadtomtene. 3. Påpeikar at friarealet allereie er mindre enn regulert friområde i plan. 	
<p>Frank Halland Neset Gbnr. 82/129 26.08.2020</p> <p><i>Doknr</i></p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Sterkt øskje for alle naboar å behalde felles uteareal. 2. Er redd kvaliteten på uteområde blir redusert om barnehagen kommer nærmare. 3. Det er allereie tett bustadstruktur i Bukti, med små tomtar, høy utnytting og liten avstand til kvarandre. Det er difor ekstra viktig å bevare friområde og gangvegen mot barnehagen. Viser også til hensikta med friområde i gjeldande reguleringsplan. 4. Meiner kommunen burde føresett ei barnehageutviding før utbygging av Bukti bustadfelt. 	